

# Gang- og sykkelvegen Slettestølen - Pollen

Arbeidet for å få gang- og sykkelveg mellom Slettestølen (Storemyr) og Pollen (Opsangervegen) blei sett i gang av FAU v/ Sunde oppvekstsenter ut frå ynskjet om ein tryggare veg for alle mjuke trafikantar som ferdast mellom Sunde og Husnes. Dette blei særleg aktualisert etter at bygginga av Halsnøysambandet kom i gang. Sunde grendalag, Turstiar på Sunde og Sunde oppvekstsenter blei etterkvart med i arbeidet for å finna høvande trasé og ikkje minst finansiering. Særleg har ein arbeidd med grunneigarane og Kvinnherad kommune, Kvinnherad energi og Kvinnherad breiband.

Kommunenstyret har løyvt til saman 500.000,- kr, men denne summen er diverre ikkje stor nok til å fullfinansiera prosjektet. Det er difor sett i gang ein innsamlingsaksjon vendt både mot det lokale næringslivet og husstandane for å skaffa pengar til lys langs den nye vegen. Kostnadene med dette er rekna til nærare 200.000,- kr. Til no har det kome inn omlag 165.000,-!

Traséen er alt så godt som ferdig rydja på dugnad av Turstiar frå Sunde. Kommunen utfører anleggsarbeidet med eigne folk og maskinar. Frå Pollensida er vegen komen bortimot eit par hundre meter innover i skogen. Arbeidet har no starta frå Slettestølsida. Kabeltrasé og oppsetjing av lys er òg meint utført på dugnad. Det er von om at vegen skal stå ferdig til sommaren.



Sunde, 25. mars 2010

Beste helsing

*Turstiar på Sunde, Sunde grendalag, Sunde oppvekstsenter og FAU*